



Deloitte AS  
ved Kari Gåsemyr

Fylkesrådmannen

**Sakshandsamar:**

Signe Gudveig Rauboti  
E-post: Signe.Gudveig.Rauboti@sfj.no  
Tlf.: 92639736

**Vår ref.**

Sak nr.: 18/8674-2  
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

**Dykkar ref.**

**Dato**

LEIKANGER, 07.11.2018

## Desisjon av møtebøkene for fylkesutvalet og hovudutvala 2017 - fråsegn frå fylkesrådmannen

Eg viser til oversending frå Deloitte AS 19.10.2018.

Fylkesrådmannen gjev følgjande fråsegn til utkastet til rapport:

- **Hovudutvalet for næring og kultur - sak 16/17, Kommunale næringsfond – tildeling 2017, punkt 1**  
I fylkesdirektøren sitt saksframlegg er det tydeleggjort at eit vedtak i tråd med punkt 1 i tilrådinga medfører eit avvik frå hovudutvalet sine eigne retningslinjer, om enn eit som er lite i omfang.  
  
Fylkesdirektøren har opplyst til fylkesrådmannen at han vil imøtekome kommentaren frå Deloitte ved å leggje fram forslag til endring av retningslinene for hovudutvalet for næring og kultur, slik at retningslinene i større grad skal kunne opne for bruk av skjøn.
- **Hovudutvalet for næring og kultur - sak 16/17, punkt 7, og sak 29/17, punkt 2, Breibandutbygging og fylkeskommunale breibandmidlar**  
Deloitte syner til at fullmaktene i desse sakene etter lov, delegeringsreglement og retningslinjer skulle vore delegert til fylkesrådmannen, og ikkje til fylkesdirektøren, men at delegeringa likevel er i samsvar med lov og reglement, sidan dei delegerte fullmaktene er å rekne som eit påbod om å gjennomføre vedtak og ikkje delegering av mynde i snever forstand.  
  
Fylkesdirektøren har opplyst til fylkesrådmannen at den eine saka, slik revisor legg til grunn, dreia seg om eit pålegg om å gjennomføre tekstlege endringar, og at den andre dreia seg om mynde til å gjennomføre ei matematisk fordeling.  
  
Fylkesrådmannen er i tvil om det vert rett å rekne fullmaktene som påbod og legg uansett til grunn at fullmaktene skulle vore delegert til fylkesrådmannen.
- **Hovudutvalet for næring og kultur - sak 24/17 Forlenga avtale med Bergen Filharmoniske Orkester til 2019**  
I sak 24/17 syner Deloitte til at hovudutvalet har fatta vedtak om framtidige kostnadar for fylkeskommunen, utan at dette vert sett i samanheng med fylkestinget sitt budsjettvedtak. Deloitte meiner vedtaket burde vore formulert slik at det eksplisitt går fram at det er avhengig av framtidige budsjettvedtak.

Fylkesrådmannen er samd i merknaden frå revisor.

Utover dette har ikkje fylkesrådmannen kommentarar.

Med helsing

Tore Eriksen  
fylkesrådmann

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift